Styret går inn for å endre på driftsvedtektene §5, 7 og 8

Gjeld barnehageåret start og slutt, opningstida i barnehagen samt betalingsmånadar. Vil bli presentert på Årsmøte i Juni (01.06.26)

§ 5 OPPTAK AV BORN:

Mosmarka Barnehage er open for born i alderen frå 0 år og fram til skulestart. Vi tilbyr kun 100% plassar. Barnehageåret startar måndag i veke 33 kvart år. Den som får plass får behalde plassen ut veke 32 det året dei skal byrje på skule. Det skal leggast til rette for tilvenningsperiode. Opptaket skjer i eit felles opptaksmøte for alle barnehagane i Ørsta Kommune. Barnehagen sin opptakskrets er primært Ørsta kommune.

Endring:

Barnehageåret startar 01.08 kvart år. Den som får plass får behalde plassen til 31.7 det året dei skal byrje på skule.

§ 7 OPNINGSTIDER:

Barnehagen skal ha ope kvar måndag til fredag frå kl. 07.00-16.45 heile året med unntak av jule- og nyttårsaftan, onsdag før påske og heilagdagar, og inntil fem(5) studie- og planleggingsdagar i året. Ved for seint henting av born vert det ilagt eit gebyr på kr. 100,- pr. påbyrja halvtime. Alle borna skal i løpet av barnehageåret ha fire veker ferie i perioden veke 25 – veke 32, helst samanhengande. I tillegg kjem dei fem tidlegare nemnde studie- og planleggingsdagane.

Endring 1: Barnehagen skal ha ope kvar måndag - fredag frå kl. 07.00-16.30 heile året.....

Endring 2, eit tillegg: Dei borna som skal slutte 31.7 må ha tatt ut sine fire veke med ferie innan 31.7 i perioden 20.06 – 31.07.

§ 8 FORELDREBETALING

Foreldrebetalinga blir fastsett av driftstyret med 11 betalingsmånader pr. år. For dei borna som skal starte på skule i august, vil det bli fakturert for august (ut veke 32) på juni fakturaen.
Betalingssatsane følgje Stortinget vedtak om makspris iht. foreskrift om foreldrebetaling i barnehage. Foreldrebetalinga skal betalast forskotsvis den 1. i kvar månad. Ved manglande betaling kan plassen seiast opp med 14 dagars skriftleg varsel. Foreldre/føresette er likevel ansvarleg for foreldrebetaling, med mindre barnehagen får inn nytt barn i plassen.

Endring: Dei 11 månadane det skal betalast for er August – Juni, Juli vil bli betalingsfri månad